Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 | Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Skogn

Emne: Folkemedisin | Bygdelag.

Oppskr. av: Torfinn Veske | Gard:

(adresse): Levanger | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Husråd — kjerringråd

1. Det er vanleg meining at både karar og kvinnfolk var meir hardi før. Det var ikkje å renn åt doktorn straks det feilte eit kvart. Kor mye det er i dette veit eg ikkje.
Dei gjekk til kvakksalvarane før, og det gjer dei i dag og. Men jamt over er det vel mindre tru på kjerringråd og mindre tru på dråper.
Blir ein sjuk går ein til doktoren. På grunn av betre kosthald, reinsemd og helsestell er det mindre sjukdom enn før.

2. Vanlege folk visste ikkje så mye om smitte i eldre tid.
Det var mange eldre som

15724

ikkje å byggja på einebær men
om det var for å verje
seg mot smitte veit eg ikkje
For å drepe smitten
vart det ofte röyka med
tjöra. Hadde tjöra opp
i ei gryte og tende på.
<u>Elise Ås, f. 1885:</u> på plassen
Storsveet utmed Fjaran i
Skogn fortel at det var
ein gong det gjekk difteri.
Det var mange barn som
döde. På Storsveet var det
7 ungar. Dei vart dårlege
alle saman ein dag —
ondt i halsen. Mora
tok ein bomullklut med
tjöra og tendte i den
på omnspanna. Ungane
sto rundt og gapte over
tjörarøyken. Halsondet
gjekk bort med ein gong
Einebær og eine er
godt slag, seier Elise
„Dei som röykte med
"eine fekk ikkje spanska"

3. Litt ferdig medisin hadde
dei gjerne i skapet.
<u>Mot brannsår</u>: Eggolje (kjöpte på
apotek). Elles brukte dei egg på
på brannsår. Klina utover.
Klara Johnsen, född 1900, brente seg
stygt i ansiktet da ho var tri år.
Da brukte dei brystmelk. Ho
vart heilt lera.

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2. 3.

Emne nr. 80 Folkemedisin.

2. Mot frostskade.
Da vart det brukt grisgalle blanda ut med sprit. Grisgallen vart alltid samla opp. Han Paulo Eggen på Skjulvollen (kring 1900) var slaktar. Han tok alltid med seg grisgallen, så framt dei ikkje skulle ha han sjølv, dei som åtte grisen.
Grisgallen vart gjømt, enten i blæra eller den vart hatt på glass blanda med sprit.

Mot sår:
Groblad vart lagt på sår. Snarrå omkring. Det skulle vera bra. Det lever enno folk som har brukt det.
Kvae vart smurd på ein klut og lagt på sår. Gørko. Kvae kan ein få i om vinteren, groblad om sommaren.
Fridtjof Eriksen, f. 1891, sa det var berre to sjukdomar i eldre tid: Det var kald og stöngi. Var det ondt i ryggen kalte dei det kald, var det i brystet var det stöng.
Dei hadde også eit uttrykk: Eg har så ondt over meg.
Da var det visst brystet.

Forkjølelse (influensa)
Brennevin var god råd her. Ei råd mot forkjølelse: Melk og pepper og brunsukker kokt i hop.

15724

Ei anna råd mot forkjølelse:
Brunsukker, heggbork og litt lakris. Ho som gjerne slikt frå blanda på flaske.

Kikhoste:
Merramelk var godt mot kikhoste. Det har eg høyrt frå fleire hald.
Geitmelk var bra mot brystsyke
Kamferbrennevin til innvendig bruk

Halsonde:
Talg (sautalg) på ei hosso rundt halsen. Hosso må vera brukt, ikkje reinvaska.
Det vart og smurt talg på brystet og lagt ull-lerva over
Terpentin vart smurt direkte på kroppen.
Spanskpepperbrennevin vart brukt når dei hadde vondt i magen.

Steinsmerter:
Her var det kjerringrokk som var råda. Ei kone, f. 1878, fortel at dei hadde kjerringrokk i potta og slo kokande vatn over og sette seg på mens det var så varmt som det gjekk an. Ho hadde gjort det sjølv da ho var plaga med steinsmerte. Ho vart bra.
Ei anna kone, f. 1900, seier at mange plager var unngått om ein brukte meir kjerringrokkte. Det er bra for blæra. Og fint for å reinse nyrane. Bror hennar

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 80. Folkemedisin.

Får eins kvar dag ein kopp kjerringrokklogte

Trosk

" Det var ein barnesjukdom.
Utslett inne i munnen. På tunga
Greier ikkje få i seg næring. Undt.
Labben på ein levande frosk
vart lagt inn på tunga. Ikkje
så lenge sia det vart gjort
i Skogn.

Verkefinger
Havremjölsdeig med sirup
vart lagt på for å trekke ut
verken.
Ein gut hadde hogd seg.
Det vart lagt på usalta
smör og kongrovev oppå.

4. Slike medisiner hadde dei
både på större og mindre gardar.

5. Dei hjelpte kvarandre med
medisin og gode råd. Har
ikkje höct at prest og jordmor
hadde slikt til utlån.

6 Om kvae og tjöre som medisin.
Tjöre vart mye brukt som medisin
Før er nemnt at det vart brukt mot
smitte, röyking. Elles vart tjöra
brukt både til utvortes og innvortes
bruk. Dei drakk tjörevatn
Fridtjof Eriksen f. 1891 fortalt at

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mange åt kjøra. Kjøra vart god å eta, når ein vende seg på den. Somme åt kjøra som ein bokk. Føst gongan var verst.
Vart mye brukt på sår, hos folk og serleg hos dyr. Kjøraband på hestefoten var vanleg.
Sara Ås, død kring 1950, dreiv mye og kokte ei slags kjøra-salve mot eksem.
Marie Aagaard i Frol kom og råd mot eksem. Ein mann fortalt at han måtte dit heime med guten sin (kring 1940) Guten var ille plaga med noko slag eksem. „Og må på meieriet først," sa Marie Aagaard, „og få noko usalta smør." Så blanda ho ei slags salve. Det lukta kjøra-tådel og såg ut som kjøra. Men guten vart bra for eksemen.

7. Bruk av „treak" er visst ukjend i tradisjonen i Skogn

8 Dyvelsdrek var nok kjent i sin tid.
Jau, om ein medisin dyvelsdrekk, somme seier divelsdrekk", har dei hørt, seier eldre folk. Men det er og alt dei veit. Dei trur helst det var noko dei brukte til dyr.
Dyvelsdrekk har vori kjent.
Og spurte Inga Hjelm, f. 1878, om ho hadde hørt ordet: Dyvelsdrekk. „Ja. dyvelsdrekk og bøvergjel, ja."

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

H



Emne nr. 80.

sa ho. Men meir visste ho ikkje om den sak. — Men det var tydeleg ho hadde høyrt namnet.

På aldersheimen i Skogn er ein mann frå Mosvik, Ingvald Staberg, f. 1883. Han fortel han har brukt djevelsdrekk ein gong. Det var i Mosvika, ein gong dei skulle på fjellet. Dei grua for at mygga ville bli lei. Men så var det ei bydame der, frå Trondheim. Ho sa ho hadde hatt djevelsdrekk, og dei fekk med seg på eit lite glass. Det var framifrå mot mygga, og det høres ikkje så ubrukeleg.

Det er nesten ingen no som spør etter djevelsdrekk. Men det er ikkje så lenge sidan det av og til vart brukt til fingeren på småbarn som ikkje ville slutte å suge.

9. Det var så ymse. Kvinner og menn med interessa og kunnskapen

10. Flasker, glass, blærer, poser o.l.

11. Somt vart kjøpt på apotek.

12. Det hende vel det og.

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13. Mest gjekk det vel på det munnlege. Minnet var godt.

14. Ukjent. Frå seinare tid, kring 1900 for det vel kramkarar med somme lækjebøker som t.d. Dr. Greves. Eins og annan kjøpte. Dei fleste tykte det vart for dyrt.
Folk huskar lite boktitlar og forfattarnamn.

16. Det er lite tradisjon om menn eller kvinner som dreiv rasjonell lækjarverksemd i Skogn.
Dei gamle Skolehaldarane kunne somtid også drive litt lækjarverksemd. Om eg ikkje tar feil trur eg å ha høyrt at gamle Lars Jakobsen som vart tilsett som lærar på Ekne i 1813 også var litt so ein dokter.
Det same var visst tilfelle med Andr. Petersen og Ole Reitan. Begge kom hit som lærarar i Skogn kring 1830. Ole Reitan måtte somme tider få fri frå skolearbeidet for å assistere doktoren.
Andr. Petersen var i mange år vaksinatør og desinfektør.
Elles var det nok mange som dreiv lækjarverksemd.
Dei brukte kanskje magiske

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 80.
hjelperåder, men ikkje berre det.
Dei samla urter og røtter og nytta
medisin. Og somtid rådde dei
vann gode saker. Det kan ikkje
vera tvil om det. Det kunne
ikkje berre vera trua som
gjorde det.
Som Amund-Yndber på
Sandan, død kring 1900. Sjølvaste
overlækjaren på Innherad sjukehus
møtte til henne med tvillingane
sine som var plaga med engelsk
syke. — Det heiter at doktoren
sidan kunne rå folk til å gå
til den „gamle kona på Korset",
Lytl-Yndber, som no vart kalla
Skulle vera nokså lita.
Ole Tomassen, død: 1935. Han
var finn (same), frå Åsen, frå
Tåmåsheimen.
Ole Tomassen budde i ei lita
stue oppe i Fjøsholla i
Skogn.
Han var doktor både for
folk og krøtter.
Eksem og anna utslett
kurerte han. Han brukte
medisin: salve og noko han
hadde på ei flaske.
Distriktslækjaren i Skogn og
Åsen var ofte oppe hos
Ole i Fjøsholla. Han kunne
vera der i timevis.
Ole Tomassen tok ikkje
betaling, men ville gjerne —

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ha litt mot. Han nemnde ein gong
at distriktsdokjaren hadde med
seg mykje mot. Men så fekk
han no lære mange ting og
så han.
Når Ol var noko med krötera
vart han henta før dyrlekjaren
Han dreiv mykje med å gå rundt
i bygda og kastrere grisen, vera
og andre dyr.

Ole Tomassen var ein sterkt
religiøs mann, han kunne
lese og skrive, han var
flink med gitaren og sang
litt, men var ingen songar

Aage Lund, død for få år sidan,
budde ute i Skogen.
Han kurerte kröter som
hadde fått i seg „kvast".
Han skava opp messing og
hadde i en slags deig av
byggmjöl og gav kyrne.
Aage Lund vart kalla
dyrlege Lund. – det var
elles fleire som kurerte
kyr for kvast med å lage
ein deig dei gav kyrne.

Taulo Skjølvollen. Han var
slakter, men var elles kunnig
med noko så kvart.
Særleg var han god og flink når
nokon var så uheldig å vrikke
ein fot, vekk.
Det var så ofte slikt hende
før. Stadig vekk var det ein

15724

Emne nr. 80
eller annan som vrikka seg.
Og millom andre var Taulo
god for å kurere slikt.
Han måtte da få opp ei flaske
med Snoko på. Den flaska
måtte han ha natta over.
Då kunne dei kome og henta
den. – Dei snakka om å
gå til han Taulo eller
reke – råd.

17–22 Ukjent.

23. Det var helst når folk trong
hjelp. Dei likte ikkji å by
seg fram. Måtte helst bli bedt
om å hjelpe.

24. Dei tok ikkji betaling. Men
dei måtte få litt for bryet.
Ellest var det ingen verknad
i lækjeråda. Det dei fekk kunne
vel vera så ymse. Skillingen
var bra. Men det var så
smått om dei. Naturalier
av ymse slag vart oftast bruka.

25. Litt samarbeid kunne det
vera. Ofte var det mindre
bra med samarbeidet.

26–28 Ukjent.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

29. Det er meir ukjent. Dei
henta stoff både frå plante

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og apoteket. Ymse urter vart mykje brukt. Amund-Gudbrei var stödt på farten oppi i fjellet. Ho brukte visst mykje fjellplanter. Grisgalle mot frostskade.

30. Dei samla helst sjölv.

31. I flasker, poser, esker, blader.

32. Somt kunne dei kjöpe på apoteket.

33. Ukjent.

34. Dei hadde det visst mest i hovudet.

35. Har hört sagt at ein gamling på gjeunegarden, död kring 1900, brukte å hente vatn frå eit oppkome nede i Staupsmarka nede ved Eidsboten. Vatnet vart brukt som medisin, men ein kjenner ikkje nærmare til det.

36. Det kunne det truleg bli.

37. Det var stor tru på brennevin som medisin.
"Konjak" vart mykje brukt mot "spanska".

38. Marie Aagaard, ei kone i Fral, gjorde kring 1940 ein gut god for eksem. Ho brukte ei

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 80

slags salve. Det var usalta smör
og ymse anna. Det lukta tjøra
og såg ut som tjøra.
Sara Ås, död kring 1950, var
kjent for den tjørasalva ho
kokte mot eksem.

39. Det var ikkje så rart med
utstyret.

40-41 Ukjent.

42. Det har ikkje vori mange
i Skogn som har drive med
slikt det siste halve hundrad=
året.
Det kan hende at han Taulo
Eggen på Skjelvollen også
dreiv litt med kopping. Er
ikkje heilt sikker på det.
For ein 40-50 år sidan
var det ei kone ute i Skogn,
ute med Fymar som heitte
Beret-Marta Skjånnåbakken.
Ho dreiv og koppa.
I eldre tid var det nok vanleg
med årelating. Sjølv den kloke
soknepresten, professor Hans Dahl,
fortel i eit brev frå 1794 om
„En Tunghed i Maccinen mindede
om en længe forsömt Aareladn."
Elles veit ein om eit tilfelle
av kopping i Skogn frå seinare
år. Det var i krigstida eller
1940. Ei kone kjende seg

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ikkje rikktig frisk. Var plaga med leddgikt. Ho sette då ein annonse i Vedalingen: „Om det var nogen som kunde den gamle kunst å koppe"
Ei tid etter fekk ho besøk av ei kone frå Breistad, Nella Holte f. 1879. Med tre vekers mellomrom kom Nella Holte i alt 5 gonger og koppa kona i Skogn. – Ho vart koppa på kneet og nedover. På utsida av beinet. Ho kunne ikkje sette på innsida, sa ho.
Nella Holte fortalde at ho hadde koppa mange. Ein mann var fælt dårleg med verk i blodet. Ho koppa han 21 gonger. Da var han heilt bra. Han hadde fått nytt blod.
N. H. tok kr. 2.– for kvar koppen + reiseutgifter.
„Eg skal forsøke å ta bort pina for deg" sa ho og la begge hendene på beinet. Men etter ei stund sa ho: „Eg kan ikkje ta bort pina for deg, for du er sterkare enn meg."

43. Med kona sine egne ord:
Eit lite maskineri som såg ut som ei bile[1)], krigerbilan dei hadde i gammeltida.
Hakka hol med bila, mange hol og sette på koppa

15724
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1) namnet sneppert var ukjend

 

Svar nr. 80
Det vart brent ein papirbit i koppen med det samme den vart sett på. Den saug seg da fast. Og så kom det blod. Men det kom aldri anna blod enn det som var ureint. Når det ikkje var meir ureint igjen så slutta det å koma

44 Nilla Holte hadde fortalt at ho hadde iglar, men det var ikkje så mange som ville ha det.
Iglane kraup bortover til dei kom til ein plass med ureint blod, så saug dei blod til dei vart heilt runde og datt tå. Etterpå vart dei rulla i finsalt til dei kasta opp. Hvis dei ikkje fekk ut av dei blodet gjekk dei i veg. Iglane vart oppevara på glass med vatn.
Ein fekk visst kjøpt iglar på apoteket.

45. Det finst mange forteljingar om folk som stoppa blod.

46-53 Ukjent.

15724

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING